

Konfirmant - 2025

”Saman med venner, saman med Jesus, saman for andre!”

Informasjon til konfirmantar og føresette



www.samnanger.kyrkja.no

Facebook: Kyrkja i Samnanger

Konfirmantåret er sett saman av nokre **obligatoriske** delar:

Temasamlingar

kl. 18.00 - ca.20.15 i kyrkja på Haga
1 tysdag kvar måned.

Etter samlinga er det høve til å vere igjen og spela biljard og andre spel i ungdomslokalet til kl.21.00 for dei som vil.



”Kro”

kl. 18.00 - ca.20.15 i kyrkja på Haga
1 tysdag kvar måned.

På ein Kro-kveld er det leik, lovsong, gjester på besøk, bønevandring og litt mat og drikke etterpå. Kroene er opne for andre som vil vera med, vaksne og ungdom, frå 8. kl.

To tysdagar for månaden har konfirmantane fri.

Konfirmantleir

Konfirmantleir med variert innhald på Wallemtunet første helga i september.



Gudstenester

Konfirmantane skal ta del på minst 8 gudstenester i løpet av året. Presentasjonsgudsteneste, lysmesse, 2 ungdomsgudstenester, 1 påskegudsteneste, 1 julegudsteneste, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste.

SamZam-prosjektet

I mars/april sel konfirmantane lodd til inntekt for skulen som kyrkjelyden støttar i Zambia – «SAMNANGER FAITH ACADEMY».



Nokre viktige datoar i konfirmant-året:

Konfirmantpresentasjon

Søndag 1. september 2024 kl 11.00

vert det gudsteneste med presentasjon av konfirmantane. Dei får ogå utdelt Biblar. Foreldre, besteforeldre og fadrar er særskild inviterte. Kyrkjekaffi/saft og kaker etterpå.



Konfirmantforeldremøte onsdag 28. august kl. 20.00.

Tema m.a: * Orientering om konfirmantåret.
* Fotografering tysdagen før konfirmasjonen. Digitale bilde?



Konfirmasjonsdagen

vert lørdag 3. mai 2025

Det vert to gudstenester denne dagen, slik at alle som vil koma i kyrkja kan få plass. Tidene vert kl.10.00 og kl.12.00. (Konfirmantane vert delte i to grupper).

Ellers nemner me at ...

- * Du gjerne kan **tenkja gjennom** kva det vil seia for deg å vere med på konfirmantførebuinga. Me vil at du gjer det «etter beste evne og vilje». Me ynskjer frå kyrkja si side å gjera vårt aller beste for at du skal få ei kjekk og meningsfull konfirmanttid!
- * **Eigenbetalinga er 1400 kr.** - Konfirmantundervisninga vert dekkja av kyrkjebudsjettet. Men for at konfirmantane skal få reisa på leir og gjera andre kjekke ting som kostar litt, ber me om at foreldra støttar med ei eigenbetaling. Om nokon har problem med å betala dette, kan dei be om å få delt opp beløpet eller om å få reduksjon eller fritak (Ta kontakt med presten).
- * Det kan verta **endringar** i konfirmantopplegget undervegs.

Ein gong i månaden er det **SoulX**, - ei samling for fjorårskonfirmantar og unge medarbeidarar. Dette kan konfirmantane også vere med på om dei vil.

Kvifor konfirmant?

Fordi konfirmantåret er eit år i livet ditt der du har eit spesielt høve til å finna ut av kva som er viktig i livet, - kva som betyr noko ...

Fordi du har høve til å finna ut meir om kristen tru og Jesus ... Han har sett spor i historia, og han set spor i menneske sine liv i dag. Kven er han?

Fordi du vert invitert til å oppdaga både meir av kven Gud er, kva han har gjort for oss, og kven du sjølv er.

Fordi fellesskapet dette året er spesielt og me får oppleva mykje kjekt i lag.



Kven kan vera konfirmant?

Dei som går i 9.klasse.

Dei som melder seg inn til konfirmantførebuing - og som «etter beste evne og vilje vil ta del i konfirmantførebuinga».

Dei som er døypte eller ynskjer å verta døypte i løpet av konfirmantåret.

Korleis melda seg på til konfirmantåret?

Fyll ut elektronisk skjema på nett innan **1.august** saman med foreldre/ føresette på:



Vel møtt til spanande og viktige dagar neste skuleår !

Beste helsing sokneprest David Vogel og medhjelparane hans